


† KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2012

17. ÅRGANG



Det er fullført

Velsigna påske!

Om graver og oppstandelse

Av Jonas Beverfjord

Bare der det finnes graver, finnes det oppstandelse, heter det i Friedrich Nietzsches bok "Slik talte Zarathustra". Selv om boka er skrevet med forakt for kristen tro, kan den være tankevekkende for kristen tro. Et lykkelig liv forbindes gjerne med et liv uten smerte, savn og sorg. En vil helst avskjære seg fra utslagene av livets forgjengelighet. Men den som aldri våger å nærme seg gravene, vil heller aldri møte oppstandelseskraften. For bare der det finnes graver, finnes oppstandelsen.

Søstrene Marta og Maria fikk oppleve det underlige at Jesus vekket deres døde bror, Lazarus, til live. Ved graven gav Jesus Marta et løfte som gjelder alle: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø.

Jesu egen oppstandelse peker fram mot det som skal skje alle troende på oppstandelsens morgen. Det er et tegn som vitner om at død og grav ikke får siste ordet. Det forteller at livets krefter er sterkere enn dødens krefter. La derfor ikke fortvilelsen ta overhånd i møte med livets forgjengelighet. Det vil komme en ny vår hvor livet igjen spirer fram. Gud skal skape en ny himmel og en ny jord hvor oppstandelseslivet får utfolde seg. Den som bærer dette håpet, skal ikke være redd for gravene. For bare der det finnes graver, finnes det oppstandelse. Tredje trosartikkel bevitner troen på legemlig oppstandelse og evig liv. Teologisk, men særlig vitenskapelig og rasjonelt, blir en slik dogmatisk tro for tungtfordøyelig for mange mennesker. Etter deres mening er det mer sannsyn-

lig å tenke slik: Fra og med tredje dag i graven levde Jesus videre i sitt budskap og i menneskers hjerter.

Men Bibelen sier noe mer. Jesus er virkelig stått opp fra de døde. Dette er noe annet og mer enn bare å leve videre på en åndelig eller symbolsk måte. Jesus brøt dødens lenker og ble håndgripelig og virkelig levende igjen. For dem som skrev evangeliene, var det avgjørende viktig å beskrive hvordan Jesus ikke bare var et spøkelse, men hadde en fysisk skikkelse de kunne ta og føle på. På samme måte skal de som tror på ham, bli konkret levendegjort en gang, med stofflige kropper, bankende hjerter og varm pust.

Det er en ufattelig glede og et enestående pågangsmot om vi makter å tro noe så utrolig. Kristus er oppstanden, han lever, og han gir evig liv til alle som tror på ham.

Oppstandelsestroen lar seg ikke vitenskapelig bevises eller rasjonelt forklares. Den skriver seg utelukkende fra Bibelens overbeviste trossvitner. Men deres urokkelige overbevisning har bærekraft herfra til evigheten. Det har vi ikke minst Paulus å takke for: Hvis vårt håp til Kristus gjelder bare for dette livet, er vi de yngste av alle mennesker. Men nå er Kristus stått opp fra de døde, som førstegrøden av dem som er sovnet inn. 1. Kor 15, 19-20.



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,
Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

Kontonummer: 4056.20.62124

E-post adr.: kyrkjekontoret@vestnes.kommune.no
[eller vestnes.soknerad@gmail.com](mailto:vestnes.soknerad@gmail.com)

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller
noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta
kontakt med redaksjonen. Takk!*

**Gåver til drift og
distribusjon av
kyrkjebladet er
kjærkomne.**

Kontonummer: 4056.20.62124

"Det er fullført"

er tittelen på framsidebiletet som er eit kolstiftarbeid frå 2010 av Elisabeth Ulvestad.

Den korsfeste og lidande Kristus er og har vore eit mykje brukt motiv i kunsten i snart 2000 år. Mange kunstnarar har lagt sjela si i å formidle eit dekkande uttrykk for denne grufulle, men samtidig sentrale hendinga i kristendommen. Oftast ser vi motiv med fleire kors, soldatar, Maria, læresveinar og andre menneske saman med den korsfeste Kristus. Desse kunstverka formidlar ei utvida historie.

I dette kolstiftarbeidet derimot finn vi berre eit lite utsnitt av den store forteljinga. Her ser vi eit nærbilete av den korsfeste Kristus i det han dør. Det lidande uttrykket er i ferd med å svinne bort, ansiktstrekkene blir rolegare, og blikket er vendt oppover og bort frå den konkrete situasjonen på Golgata. Smerten slepp taket, gjenforeininga med guddommen ventar,

livsoppdraget er fullført. Utsnittet og perspektivet i biletet formidlar dermed sjølve kjernen i Jesu korsdød.

Elisabeth Ulvestad har alltid teikna og måla. Først dei siste åra har ho brukta så mykje tid og krefter på denne hobbyen, at ho er i ferd med å realisere draumen om å gjere hobbyen til levebrød. Elisabeth har nytta ulike teknikkar opp gjennom åra. No jobbar ho mest med akryl og kombinasjonen akryl og kolstift. Motiva har også vore mange, men dei siste par åra har ho vore oppteken av å formidle menneske frå ulike vinklar og i uventa utsnitt. Slik sett føyer "Det er fullført" seg inn i rekka av spanande bilete Elisabeth har arbeidd med i det siste frå atelieret sitt heime på garasjeloftet.

Kari Moe Elgsaas

Påske

Av Kaare Lervik

Etter vedtak på kyrkjemøtet i Nikea i år 325 fell påskedag på første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøgn. Altså er det ingen fast dato for påskedag. Så langt fram i tid som 2038, kjem påskedag den 25. april, som er den seinaste dato for dagen, medan han i 2013 fell på 31. mars.

Ordet påske gir mange assosiasjonar hos oss. Hyttekos om kvelden og lange skiturar i strålande sol over snødekte vider om dagen, er for mange det optimale. Andre synest dagar ved sjøen er det beste. Ein eller annan hyggeleg tanke vil ofte komme når påska blir nemnt. Glede blir nesten som ei overskrift.

Påska vart den første kristne høgtida, og kyrkja feirar ho framleis til minne om Jesu Kristi liding, død og oppstode. Liding og død er ikkje noko ein tenkjer på som glede, men likevel har påska i kristen tru og tradisjon ei stor glede å forkynne. Han er ikkje her, han er stått opp. Kven som vitna om oppstoda, kan ein lese om i Luk. 24, 1-12.

I juleevangeliet står det mellom anna; *Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.* Samanhengen mellom jula og påska sin bodskap er den gleda kyrkja har kunna fortelje om. Kristus vann over døden og løyste dermed folket sine syndeband. Han har æra, og glede er framleis overskrift til påska.



Han er ikkje her,
han er stått opp.

DEG VÆRE ÆRE

(mel. G. Fr. Händel. Tekst A .Fjeldberg)

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!

Refr.: Deg være ære, Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salige morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger; Frelseren er her!
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er!

Refr.: Deg være ære....

Frykt ikke mere! Ewig er han med.
Troens øye ser det; Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei.
Ewig skal han regjere, aldri frykter jeg.

Refr.: Deg være ære

Det er mange spørsmål som dukkar opp i samband med dødsfall. Etter oppfordring fra Kyrkjebladet har kyrkjeverje Toril L. Nerland svart på ein del av dei.

Tinging/reservasjon av gravstad?

Feste/tinging av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall, jfr. gravferdslova kap. 3 og forskrifter § 17.

Kven skal vi gjere avtale med om gravplass?

Ved dødsfall må det bestemmost kven (av dei pårørande) som skal "sørgje" for gravferda, og vedkomande tek då kontakt med gravferdsmynda (Fellesrådet/kyrkjeverja) for å be om gravlegging eller kremasjon (jfr. Gravferdslova §§ 9 og 10). I praksis kan det vere at ein tek kontakt med eit gravferdsbyrå ved dødsfall, og det går vidare til kyrkekontoret/kyrkjeverja. Men ein kan sjølv sagt også ta direkte kontakt med prest og/eller kyrkjeverje.

Når kontakten er oppretta, blir det gjerne spørsmål om familien har gravstad frå før, eller om ein skal ha ei "ny" grav.

Grav og gravminne.

Gravminne skal før oppsetting godkjennast av kyrkjeverja. Gravminne som blir sette opp utan å vere godkjente, vil et-



ter ein gitt frist bli fjerna, og rekning for dette blir sendt til leverandøren. Kyrkjegardsbeteninga vil sørge for at grava blir planert og tilsådd etter gravlegging. Gravminne kan ikkje settast opp før det har gått 6 månader etter gravlegging i kiste. I mellomtida blir det sett opp eit merke (gjerne eit kors) med namnet til den avlidne.

Fordi det som regel er tele i jorda i månadene frå november til april, bør det ikkje oppsettast gravminne i den tida. Gravminnet blir plassert på den grava som vert teken i bruk først. Ved dobbelgrav blir gravminnet sentrert etter siste gravlegging.

Kven skal fjerne visne kransar?

Kransar blir fjerna av kyrkjegardsarbeidarane når dei ikkje lenger ser fine ut. Dette kan variere i tid, alt etter temperatur og årstid. Men ein prøver å få dei bort straks dei er visna. Plantar, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferd eller til pynt av grav og som endar som avfall, skal vere komposterbart. Sløyfer blir tekne til side som brennbart restavfall.

Planteplass ved støtta.

Kor stor og kor langt fram?

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Inklusiv innramming skal det ikkje vere breiare enn sokkelen, og det skal ikkje gå lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet, og området utanfor kan heller ikkje brukast til plassering av lause gjenstandar. Plantefeltet kan rammast inn med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring. Heile plater med eitt eller fleire hol for planting er festar sitt ansvar dersom slikt blir montert.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting som blomsterurner, lykter og liknande i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Ansvar for oppretting av skeive gravminne?

På fri grav som ikkje er anonym grav, og på festa grav og gravstad kan det plasserast gravminne.

Festar av grav eller ansvarleg for frigrav, er eigars av vedkomande gravminne. Eigaren er ansvarleg for at gravminnet ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på kyrkjegarden (jfr. forskrifta § 26). Når fellesrådet finn det nødvendig, skal eigaren varslast med pålegg om å bringe gravminnet i samsvar med dei krav som er stilte i forskrift og vedtekter. Dersom eigaren unnlæt å etterkome slike pålegg, eller det er uvisst kvar eigaren er, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendige for å få tilhøva i orden, og om nødvendig fjerne gravminnet.

stell av desse

På kyrkjegardane i Vestnes kan kyrkjeverja vere behjelpeleg med oppretting av gravminne dersom pårørande ynskjer det. Det blir då sendt rekning for arbeidet i ettertid.

Festeavgift, for kor mange år om gongen?

Pris på feste av gravstad ved sida av frigrava som blir teken i bruk, er kr. 75,- pr. år. Festetida er 5 år.

Fredingstid, gjenbruk av gamle graver, etter kor lang tid?

Ei grav kan nyttast til ny gravlegging når det har gått minst 20 år sidan den siste gravlegginga (fredingstid).

Feste av grav.

Feste av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall. Den grava som blir teken i bruk først i ein gravstad, er fri grav i fredingstida.

Når festetida/fredingstida går ut, skal festaren varslast. Dersom ein då ikke ynskjer å feste grava vidare, skal festar få tid til å fjerne gravminnet og liknande innretning frå kyrkjegarden. Er ikke festet fornøya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggast i festa grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikke kan innhentast, kan Fellesrådet avgjere spørsmålet om gravlegging. Festar pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festar dør, skal dødsbuet gi Fellesrådet melding om

kven festet skal overførast til. Ved usemje skal Fellesrådet ta avgjerala.

Gravlegat med tanke på stell?

Ved innbetaling av ein sum frå ansvarleg for frigrav eller festar, vil Fellesrådet sørge for planting og stell av grav. Gravlegata blir forvalta med dagleg leiar i fellesrådet som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av grav for eit fast tidsrom eller så lenge der er midlar. Det skal opprettast legatavtale.

Dersom det i legatperioden oppstår økonomiske tilhøve som gjer at legatmidlane ikkje strekk til, skal legatstyrar gi melding om dette til den ansvarlege eller festaren. Det er då høve til å auke legatet slik at det varer tida ut. Men dersom midlane blir oppbrukte og legatet ikke får påfyll, vil ansvaret for vedlikehaldet falle bort.

Skulle det vere midlar att på legatet når tida er ute, skal desse nyttast av Kyrkjeleg fellesråd til å gjere kyrkjegarden vakkra.

Gravlegat har ei felles forvaltning, men legatstyrar fører eigen rekneskap for kvart legat. Rekneskapen blir revidert årleg. Det vert rekna provisjon til dekning av utgifter i samband med administrasjon og revisjon av legatmidlane.

Elles viser vi til kyrkja si heimeside på internett.

<http://www.vestnes.kyrkja.no/>



"Uskuldig dømt" og "Sjå hendene mine"

av Annbjørg Sævareid

Også i denne utgåva av Kyrkjebladet vil vi ta med to dikt av Annbjørg Sævareid. I desse dikta skriv ho om to sentrale mysterium i kristendommen som har å gjere med påska; korsdøden og om utfordringa å tru.

"Uskuldig dømt" formidlar korsdøden i klare og enkle ord, men med ein overraskande innfallsvinkel. Diktet er skrive i presens. Her står vi som lesarar tett på dramaet som utspelte seg for snart 2000 år sidan. Vi blir augevitne til det som skjer på Via Dolorosa og på Golgata. Saman med Barabbas står vi forundra og prøver å ta inn over oss og forstå det som faktisk skjer her og no. Slik aktualiserer og allmenngjer Annbjørg Sævareid mysteriet med korsfestinga, eit mysterium som er for stort og for vanskeleg å forstå.

I diktet "Sjå hendene mine" skriv ho om eit anna stort mysterium, tru. Også i dette diktet bruker ho presens for å aktuali-

sere. I tillegg bruker ho pronomena eg og du for å understreke eit nært og personleg forhold, samtidig som ho allmenngjer problemstillinga. Med utgangspunkt i Tomas som ikkje tørr tru at Jesus har stått opp før han får sjå dei naglemerka hendene, skriv ho om å kvile i tillitsfull tru også når det kan verke håplaust vanskeleg, for ikkje å seie umuleg. Her kan det vere på sin plass å minnast sluttcommentaren i møtet mellom Jesus og Tomas: "Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, men endå trur."

Ser vi desse to dikta under eitt, går vi frå å vere augevitne saman med Barabbas utan heilt å forstå kva som skjer på Golgata, til å bli utfordra til å tru på korsdøden og oppstandelsen slik som Tomas blir nokre dagar seinare i møte med den levande Kristus.

USKULDIG DØMT

Uskuldig dømt for det du ikkje gjorde.
Du ber fornedringa og skamma som er mi.
Krossfest! Krossfest han! ropar folkemengda,
men eg og Barabbas, ein mordar, får gå fri.

Frivillig ber du krossen på di skulder,
mens blodet renn frå dine mange vonde sår.
Du som den einaste rettferdige i verda
no opp mot rettarstaden Golgata du går.

Fullkomne hender naglast fast til krossen
av menn som ikkje skjønar kva dei gjer.
Men Barabbas og eg står her som frikjent
og veit at det er straffa vår du ber.

Annbjørg Sævareid




SJÅ HENDENE MINE

Sjå hendene mine, du Tomas,
som slit med din vonde tvil.
Du strevar med livet og trua,
men får ikkje noko til.
Du slo ikkje lag med dei andre
som møtte meg første gong.
I dag er det deg eg vil møta,
eg kjenner din djupe trong.

Sjå hendene mine, du kjære,
som ikkje har sett dei før.
I dei er du teikna med kjærleik,
eg veit om di stengde dør.
Sjå ikkje på alle dei andre
og alt som vil hindra deg.
No gjeld det di evige framtid
og resten av livets veg.

Sjå hendene mine, du vitne,
som ein gong fekk himlens kall.
Med brennande hjarta du talte,
men no er du nesten kald.
På ny vil eg tenna visjonen
i deg som gav mismotet rom.
I hendene mine er krafta
for deg som er utrent og tom.



Sjå hendene mine, du trøtte,
som snart ikkje orkar meir.
Eg ser kor du går og kjempar
der fienden har slått leir.
Ligg stille i mine hender
så eg kan få bera deg.
Det er ikkje du som skal strida,
men overlatt det til meg.

Annbjørg Sævareid

Du som låg i natti seine


Av Jakob Sande

Du som låg i natti seine
sorgtyngd, vanvørd og åleine,
skjelvande på såre kne,
du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde,
stridsmann frå Getsemene!

Du som hekk til krossen nagla,
medan blodut sveitte hagla
frå di panne då du sa:
"Fader, kvifor gjekk du frå meg!"
Å, lat nådens blodstraum nå meg,
offerlam frå Golgata!

Du som spotta vart og banna,
kront med klungerkrans om panna,
medan augo brann i sorg,
du som stod i namnlaus pine,
skild frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg!

Lær mi sjel kor du laut lida,
syn meg såret ditt i sida,
styrk og nær mi veike tru.
Syn meg dine merkte hender,
så eg frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen, du.



Jesus syner seg for læresveinane

Slik står det skrive i Johannesevangeliet 20,19-31 i den nye bibelomsetjinga:


Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus: han stod midt imellom dei og sa: "Fred vere med dykk!" Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: "Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk." Med desse orda anda han på dei og sa: "Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne."

Tomas, ein av dei tolv, han som vart kalla Tvillingen, var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus kom. "Vi har sett Herren!" sa dei til han. Men han svara: "Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i dei og stikka handa i sida hans."

Åtte dagar etter var læresveinane hans igjen samla, og Tomas var med dei. Då kom Jesus, sjølv om dørene var stengde. Han stod midt imellom dei og sa: "Fred vere med dykk." Så seier han til Tomas: "Kom med fingeren din, sjå her er hen-

dene mine. Kom med handa di og stikk henne i sida mi. Og ver ikkje vantru, men truande!" "Min Herre og min Gud!" sa Tomas. Jesus seier til han: "Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur."

Jesus gjorde òg mange andre teikn for auga på læresveinane, teikn som det ikkje er skrive om i denne boka. Men desse er nedskrivne for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.



PÅSKEMYSTERI

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Frå dei eldste tider har kunstnarar vore opptekne av påskebodskapen, frå nattverdmåltidet til oppstoda første påske-dag. Eg ønskjer å stoppe opp ved tre kunstnarar: Salvador Dalí (1904-1989), Hugo Lous Mohr (1889-1970) og Henrik Sørensen (1882-1962), alle 1900-talskunstnarar, den første spansk, dei to andre norske.

På 1500-talet levde den spanske mystikaren St. Johannes av Korset (1542-91). Han var karmelittmunk, helgen og kyrkjelærar. Ein gong hadde han eit syn av Kristus på korset der korsfestinga hadde ein uvanleg vinkel. Dette overførte han til papir.



Kristus til St. Johannes av Korset måla av den spanske surrealisten Salvador Dalí, 1951.

Surrealisten Salvador Dalí fekk sjå denne teikninga og blei inspirert. Han måla "St. Johannes av Korset sin Kristus" som vi ser nedanfor til venstre.

Så vidt vi kjenner til, hadde ingen andre måla korsfestinga frå denne synsvinkelen. Det vanlege er å måle korset frå tilbedaren sin ståstad. Det unike med Salvador Dalis bilde er at han har latt korsfestinga få Guds synsvinkel.

Det er som om Gud ser på sonen sin etter fullført oppdrag. Denne synsvinkelen har òg ein annan funksjon: Vi ser Jesus som bruva mellom Gud og den dødelege verda, representert ved landskapet under. Det surrealistiske kjem fram gjennom Dalís blanding av to perspektiv. Sjølandskapet er i vårt augenivå i staden for å følge vinkelen til korset som viser Golgata i fugleperspektiv.

Sett på avstand får korset form av eit timeglas, som kan stå for tida. Samtidig dannar det ein trekant som står opp ned, mens lyset under formar ein ståande trekant, noko som gir balanse til komposisjonen.

Kristus og korset formar trekanten til treeininga, med Kristi hovud som ein sirkel midt i. Det kan kanskje bety at han eller hans gjerning er sentrum og meininga med alt i universet. Han er alt vi treng. Sidan perspektivet peikar mot Jorda, betyr det truleg at dette er Guds gåve til menneska.

I Volda kyrkje er heile fondveggen i koret eit stort freskomåleri ved kunstnaren Hugo Lous Mohr, som ein periode var lærling hos Henrik Sørensen. Måleriet vart avduka i 1932. Det vekte oppsikt som ei fornying i norsk kyrkje-kunst, mellom anna fordi den dominante Kristus-figuren var måla med nordiske trekk, - truleg for første gong i historia.


I måleriet finn vi fleire viktige fasar i Jesu liv: dåpen, palme-søndag, kampen i Getsemane, korsfestinga og midtpartiet med den oppstandne og sigrande Kristus.

Henrik Sørensen har gjort noko av det same med sin nordiske Kristus som vi finn i fleire utgåver rundt om i norske kyrkjer.

Det er lyse, lette fargar i desse milde og sigrande Kristusskikkelsane, noko som viser glede ved oppstoda.

Kvífor har Sørensen gitt Jesus nordiske trekk? Kan det vere for å trekke Kristus nærmare oss som lever her i nord? Eg har ikkje funne noko svar på det. Spørsmålet får stå ope, så får kvar enkelt legge si eiga tolking i det.

ET OG KUNSTEN



Fondveggen i Volda kyrkje måla av Hugo Lous Mohr. Avduka 1932.



Kristus av Henrik Sørnsen (1955-58).

Kvit messehakel til Vestnes kyrkje

Av Kaare Lervik

Palmesøndag blir det presentasjon av ny kvit messehakel som Vestnes sokneråd har kjøpt til kyrkja. Det er tekstilkunstnaren Laila Lillebø Endresen som lagar messehakelen. Ho kjem til Vestnes kyrkje denne dagen for å fortelje om messehakelen, om stoffet ho har brukt, om symbola og dei tankane som ligg bak desse. 1. påskedag blir messehakelen teken i bruk.

Ordet messehakel kjem av det norrøne ordet hakul som betyr kappe. Han blir brukt av prest eller biskop saman

med liturgisk drakt når ho/han forrettar ved altertenesten på høgtidsdagar og under nattverdføring. Messehakelen blir ikkje brukt på prekestolen.

Messehakelen høyrer til inventaret i kyrkja, medan andre liturgiske klede kan vere i presten sitt eige. Ei kyrkje vil gjerne ha ein messehakel i kvar av dei liturgiske fargane: grøn, kvit, raud og fiolett. No får altså Vestnes kyrkje kvit messehakel, og vi ser med forventning fram til denne hendinga.

Mangt å undrast på i kyrkja!

Av Per Bjørn Ellingseter

Inne i ei kyrkje kan det vere mykje å spekulere på, - først og fremst det "åndelege" som kjem fram gjennom presten si formidling av gudsordet, gjennom salmesong og musikk og gjennom kyrkjekunsten. Eg kan hugse frå eigen barndom at eg av og til tykte at preikene til den gode prost Hellebust kjendest langdryge. Då korta eg gjerne tida med å studere det som var lengst bak i gode, gamle Nynorsk salmebok: "Lista yver salmediktarane" og "Lista over tonediktarane". Nok om det.



I Vestneskyrkja er det kanskje ein og annan som har lagt merke til det rauda kledet rundt alteret, og som har studert på kva den "mystiske" innskrifta står for:

O. A
M. L. A
1797

Svaret kjem her: O. A er initialane til *Ole Alsing*, og M. L. A var andre kona hans, *Marie Langlo Alsing*. Årstalet 1797 er nok det året alterkledet vart gitt til kyrkja. Alsing døydde i 1780.

Ole Alsing var fut over Sunnmøre, og hadde embetsbustad i Bjørkavåg i noverande Sula kommune, men han budde i Vestnesgarden, som han var eigar av. Alsing var på mange måtar ein lite omtykt mann. Den første kona fekk skilsmissa frå han, noko som ikkje var så vanleg den gongen. Den vanlegvis nøkterne Brovold skriv at ho *"formåede ikke at dele samliv med ham. Man siger, at hun puttede sig i en sekk, når hun skulle dele seng med ham"*. Den andre kona vart altså Marie, lensmannsdotter frå Stranda. Dei hadde ingen born, men tenestjenta *Ane Friis* vart adoptert av Marie etter at mannen var død.

Alsing vart gravlagd under golvet i sakristiet i den gamle kyrkja. Då det vart bygd ny kyrkje, vart den gamle riven i 1873. I Brovold-boka (s. 40) kan den som er interessert i det, lese ei detaljert og interessant skildring av korleis det gjekk til då kistene vart tekne ut og jordfesta.

Alsing var som nemnt ein forhatt mann, både som fut og som godseigar, og sikkert ikkje minst på heimebane. I daglegtale vart han av bygdefolk kalla «Halsingjin». Olav Rekdal skriv i sine folkeminne og segner frå Romsdal at *"han gamle Pe-Ola-Mass på Rø vart so glad når'n fekk høyre at Halsingjin var dau, at han reiste seg i senga og la føtene frampå sengastoken. Det hadde han ikkje gjort på åtte år"*.

Kyrkjhistorikaren J.E. Brodahl skildrar duken slik:

Omgitt av en krans, brodert i grønt, hvitt og gult, støttet av sort, alt i nedstemte farver, står midt på forsiden nogen initialer, der røper som givere den tidligere nevnte kirkeeier foged Ole Alsing og hans hustru Marie. Men da fogden døde 1780, må det være fruen som med sine egne henders arbeide har villet reise sin mann dette æreminne. Den samme frue forærte også kirken dens største lysekrona, med seks lysarmer på en rekke.



Då fekk vi med det same vite at den yngste og største av dei to lysekronene i kyrkja også var ei gåve frå Marie Alsing. Det er den lysekrona som heng lengst framme i kyrkja. Vi har altså to fine gjenstandar i kyrkja vår som vi kan takke den gode Marie for.

Vestnes Begravelsesbyrå får fleire eigarar

Av Kaare Lervik

I om lag 20 år har Kjell Bjørn Nerbø drive Vestnes Begravelsesbyrå. No har han knytt til seg nye medeigarar og får på den måten delt ansvaret på fleire hender. Dette heng saman med at Kjell Bjørn Nerbø nærmar seg pensjonsalderen. Fordi han har likt arbeidet sitt svært godt, er han på ingen måte lei, men han gir uttrykk for at det blir godt å få noko mindre ansvar, og så vil han ha nokre fridagar gjennom året.

I dei åra han har drive begravelsesbyrået, har han komme i kontakt med mange menneske. Samarbeidet med kyrkja, helsevesenet, politiet og kommuneadministrasjonen både i og utanfor vår kommune, har vore svært godt og heilt nødvendig i dette arbeidet. Det same seier han om samarbeidet med andre begravelsesbyrå og fleire andre føretak og privatpersnar rundt om i landet, noko han er takksam for.

Det gode samarbeidet føler han seg trygg på vil halde fram også med den nye leiinga av byrået. Sivert Petter Dyrkorn blir ny dagleg leiar og medeigar. Evelyn Eik Dyrkorn går òg inn som ny medeigar og drivar. Den tredje medarbeidaren blir Svein Aage Falch, men for han blir dette i ei deltidsstilling. Nestoren i dette føretaket er sjølv sagt Kjell Bjørn Nerbø, og det er dei nye medeigarane glade for.

Vestnes Begravelsesbyrå har ei nettside, men den blir no etter kvart oppdatert og delvis endra. På denne sida finn ein det begravelsesbyrået tilbyr, og det er i grunnen alt ein har bruk for når nokon dør. Hit kan ein vende seg heile døgnet. Telefonnummeret finn ein både i annonsar og på nettet. Begravelsesbyrået anbefaler å ta kontakt for ein prat og få ein



brosjyre før noko spesielt har skjedd. Det er fleire grunnar til det, og det kan nok kvar og ein lett tenkje seg. Vestnes Begravelsesbyrå har kontor og utstillingslokale i Helland sentrum.

Forbetra leigeavtale for Kyrkjelydskjellaren

Det førre soknerådet i Vestnes har gjort ein formidabel innsats med å pusse opp dei nedslitne lokalene i kjellaren til kyrkjekontoret. På dugnad har dei mørke kjellarlokala blitt gjort om til lyse og trivelege lokale til glede for brukarane. Vestnes sokn har no, til liks med dei andre sokna i kommunen, fått sitt "kyrkjelydshus". Dei nye lokalene er heller ikkje berre til nytte for kyrkjelyden i Vestnes sokn. Trusopplæringa, som femnar alle sokna, har òg fått tenlege lokale for sine aktivitetar.

Kyrkjelydskjellaren vert leigd av Vestnes kommune. Etter at soknerådet har brukt ein del pengar på ei omfattande oppussing og opprusting av lokalene, har behovet for ein meir langsiktig leigeavtale blitt påtrengjande. Leiga har fram til no blitt regulert av ein leigekontrakt på eitt år med ein månad

oppseiing. Ein slik avtale var ikkje til å leve med. Soknerådet gav Knut Flølo og Sindre Taklo fullmakt til å framforhandle ein meir langsiktig leigeavtale. Resultatet av desse forhandlingane er oppløftande lesnad for soknerådet. Den nye avtalen går over fem år. Avtalen kan seiast opp av kommunen seks månader før avtalen går ut. Den nye avtalen vil gjere det mykje lettare å tenke langsiktig kring bruken av dei flotte lokalene i kjellaren til kyrkjekontoret. Soknerådet vonar at lokalene etter kvart vil få namnet "Kyrkjelydskjellaren" også på folkemunne.

Sindre Taklo, soknerådsleiar

Kvinnenes internasjonale Bønnedag

Kvinnene sin internasjonale bønedag vert markert første fredagen i mars kvart år,- i Norge og i resten av verda. Markeringa starta i USA i 1887 då kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg om ein felles bønedag; THE WORLD'S DAY OF PRAYER.

I dag har bønedagen komitear i meir enn 170 land og regionar. I Norge starta desse samlingane i slutten av 1920-åra, og det er **Komiteen for Kvinnenes internasjonale bønnedag** som legg til rette for markering av dagen. Kollekten som vert samla inn, går til Bibelskapets bibelmisjonsarbeid. I samarbeid med sine internasjonale partnarar prøver Bibelskapet å finne ei uavhengig gruppe som har samlast til bøn og fellesskap denne dagen. Det er kvinnerelaterte prosjekt i det landet bøneprogrammet kjem i frå. Bibelskapet har arbeidet med reknescap og distribusjon av program for den norske komiteen.

Her i Vestnes har det no vore ein tradisjon i meir enn 20 år. Helga Bø var trufast initiativtakar i mange år. Dei siste åra

har vi nytta kyrkja som samlingsstad. Det kjennest stort å vere samla i ei verdsvid bønekjede.

I 2012 er det kvinner frå Malaysia som har stått for årets program. Malaysia er eit fredselskande folk. Der bur mange ulike folkeslag, dei har stor tilstrøyming av gjestearbeidarar og flyktningar, og dei har klart å skape eit miljø for fellesskap og integrering.

Kvinnene her har ei bøn om at alle folkeslag og religionar kan samarbeide for fred mellom menneske med ulik tru, for rettferd og for ei utvikling som kan tene alle menneske. Overskrifta i årets program er:

LAT RETTFERD VINNE FRAM.

Så hugs:

1. fredag i mars KVART år er Kvinnene sin internasjonale bønedag.

Jorunn B. Fjeldheim

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest
Telefon: 71184234 / 90829737
E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest
Telefon: 71184236 / 91123045
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær
Telefon: 71184232
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, kyrkjeverje
Telefon: 71184235 / 48155034
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Sigurd Moltubak, diakonileiar
Telefon: 71184237
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor:
Telefon: 71184230 / 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Inger Marie J. Sylte, prosjektprest 71184238
E-post: ingermjakobsen@yahoo.no

Nina Kvernmo, Trusopplæringsmedarbeidar
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Brannslokkingssapparat

Vestnes sokneråd hadde ei samling i kyrkja i februar for å bli gjort kjend med brannsikringa av kyrkja. Kyrkjetenar gjekk da gjennom branninstruksen som gjeld, og ei brannøving vart gjennomført. Eit viktig hjelpemiddel ved ein eventuell brann er brannslokkingssapparata som er plasserte på strategiske stader i kyrkja. Dette er pulverapparat, og når slike blir brukte, fyk det støv rundt i rommet. Dette legg seg overalt og er lite egna ved små brann-tilløp. Dette merka soknerådsmedlem Knut Flølo seg, og tok straks kontakt med STX OSV AS avd Langsten og Aas Mekaniske Verksted AS for å be om hjelpe til å få nye skumapparat. På begge stadene møtte han velvilje, så no får alle kyrkjene nye skumapparat. Vestnes kyrkjeloge fellesråd takkar bedriftene for gåva, men også Knut Flølo for initiativet!



Takk!

Vestnes kyrkjeloge fellesråd takkar STX OSV AS avd Langsten og Aas Mekaniske Verksted AS for nye brannslokkingssapparat til alle kyrkjene i Vestnes!

Finansiering av Kyrkjebladet

Vi både håpar og trur at innbyggjarane i kommunen likar å lese Kyrkjebladet. Slik ser det i alle fall ut etter tilbakemeldingar Redaksjonen får. Fram til i dag har Kyrkjebladet finansiert seg sjølv ved gåver frå lesarane. Som alle sikkert skjøner, kostar det ein del å produsere eit slikt blad sjølv om vi har innskrenka oss til tre nummer i løpet av året. Det

er derfor fint at dei som kan tenkje seg det, sett pengar inn på konto 4056.20.62124. Vi er takksame for all støtte - enten beløpet er stort eller lite - for å finansiere Kyrkjebladet vidare framover.

Redaksjonskomiteen



Kyrkjetal for 2011

Tal fortel ikkje alt. Men samlar vi tal for aktiviteten gjennom eit heilt år og samanliknar med tala frå åra før, får vi ein liten peikepinn på korleis utviklinga er for kyrkja i Vestnes gamle prestegjeld. Vi tar ut nokre tal og samanliknar dei med (2010, 2009 og 2008).

*Utmelde	6 (7, 11, 8)
*Døypte	57 (70, 77, 72)
*Døypte frå sokna	31 (66, 51, 55)
*Konfirmerte	90 (94, 90, 94)
*Vigsler	5 (18, 14, 13)
*Hovudgudstenester	89 (92, 101, 91)
*Deltakrarar	8796 (8700, 8738, 8494)
*Nattverdsdeltakrarar	1507 (859, 648, 962)
*Gudst. for skule- og barnehage	7 (8, 9, 8)
*Konsertar	15 (7, 14, 9)
*Misjonsprosjekt	4 (4, 6, 8)
*Kyrkleofringar	245.900 (229.500, 2417.00, 228.000)
*Andre innsamlingar	339.000 (267.900, 287.100, 1.175.009)

Kort kommentar: Det er etter måten ganske få som har meldt seg ut av kyrkja. Det er positivt og oppmuntrande. Det er ein markant nedgang på døypte. Dette har ikkje

noko med at foreldra ikkje døyper borna sine. Her er det nesten 100% oppslutnad. Diverre har dette med fødselstalet å gjere, og dette går nedover. Kven vil gjere noko med det?! I fjar var det få som ville gifte seg. Dette talet har aldri vore så lavt før. Vi oppmodar folk om å betre på statistikken!

Gjennomsnittet på gudstenestedeltakrarar held seg overraskande stabilt. Ser vi på gjennomsnittstala for nokre år bakover, finn vi ut dette: 2011: 99, 2006: 101, 1992: 88, 1988: 86 og 1985: 100.

Ei anna gledeleg utvikling er at deltakinga i nattverden har auka. Kyrkleofringane har også auka, og særleg offer til tiltak som dei forskjellige sokna driv.

I mange år har det vore KRIK i Vestnes. Annankvar fredag kjem ungdomar saman for å drive med ulike idrettsaktivitetar i Vestneshallen i tillegg til at dei får med seg ei kort andakt. KRIK har òg mange turar å tilby. KRIK går veldig bra for tida og samlar unge frå alle sokn: Fiksdal: 11, Vikebukt: 10, Tresfjord: 17 og Vestnes: 53.

Til saman 91 unge!! Bak tiltaket står målretta arbeid, svært gode leiarar, eit godt program og entusiastiske ungdommar.

Finn Arne Roaldsnes

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2012

Vestnes kyrkje 29. april

Tomrefjord-konfirmantar
Amalie Grønås Bergum
Ingrid Brastad
Vebjørn Bårdnes
Julie Iren Blom Dolpen
Hanne Marte Eik Ellingsen
Bjørn André Faksen *(Konf. 20. mai)*
Laila Eik Frostad
Emil Hildre
Kaminda Gjerde Johansen
Vegard Øveraa Karlstrøm
Alexandra Sæbjört Líf Lárusdóttir
Victoria Helén Lid
Ragnhild Sofie Lid
Malin Valvatne Lid
Ulrik Lyngvær
Even Lyngvær
Peter André Stenødegård
Håvard Myrstrand Taklo
Maria Kristin Alsmark Vik
John Øveraa

Vestnes kyrkje 06. mai

Tomrefjord-konfirmantar
Kristine Djupvik
Mariell Henriksen
Odd Arild Hungnes
Cathrine Bårdnes Husøy
Maiken Bjerkevoll Innli
Amalie Kjersem
Ingrid Marie Larsen
Linda Marie Lid
Signe Christiane Vik Misund
Martine Værnes Sagen
Tor Magnus Skorgenes
Malin Holm Sundet
Vilde-Celin Stenødegård Tomren
Josefine Rødal Tomren
Markus Vik
Martin Vik
Kevin Aarnes

Fiksdal kyrkje 6. mai

Catarina Bjerkevoll Blø
Hanna Fylling Ellingseter
Glenn William Holten Frostad
Ingrid Gjelsten
Ane Kristin Meyer Nakken
Fredrik Grytten Olsen
Mariell Solbakken
Ingrid Solbakken
Åsne Mari Svartdal Sveia
Jonas Eik Øygard

Tresfjord kyrkje 13. mai

Eva Alette Bekken
Ole Marius Kanishi Daugstad
Liv Turid Hubred
Eivind Juul
Frank Aardal Lindset
Joakim Ytterli Løvik
Maria Løvik Salte
Filip Kjellevold Øverås

Vestnes kyrkje 13. mai

Helland-konfirmantar

Michelle Aspelund
Petter Bendiksen
Oliver Børkevoll Blø
Ivar Kleive Bredeli
Erlend Fagerheim Eide
Jarl Kristian Gjerde
Steffen Watt Gravdehaug
Tobias Ødegård Grimstad
Emil Andre Hagen
Remi Henriksen
Preben Liabø Hovde
Stine Marie Husøy
Marius Hoset Kirkeslett
Adrian Hildre Liabø
Vilde Vike Nerås
Mathias Rogne Ræstad
Niklas Skjegstad
Fredrik Stokkeland
Steffen Gjærset Strømsnes
Lars Falkhytten Ørjasæter

Vestnes kyrkje 20. mai

Helland-konfirmantar
Sofie Eik
Ruben Gimmestad Emblem
Even Arvik Langseth
Selina Mathea Gresdal Liabø
Andrea Løvik Nyheim
Markus Osdal Olsen
Fredrik Sæterøy Rafteseth
Anniken Skotte Raknes
Sofie Rekdal
Leni Ailin Krogsæter Skjegstad
Magnar Winther Skorgenes
Gina Dalby Skudal
Bendik Kvalsvik Stenberg
Ingrid Helen Stenødegård
Christoffer Kvithaug Stokkeland
Katja Sæter
Malin Vestnes
Ane Larsen Vestnes
Charlotte Vikås
Robert Lund Wilhelmsen
Kristin Winklhofer
Markus Øvstedal

Vike kyrkje 27. mai

Martin Balstad
Jonas Bergstrøm Haarr
Helene Legernes Knudsen
Julie Sylte Legernes
Malene Sandøy Leikarnes
Martin Ødegård Løvik
Linda Smogeli
Svein Arne Vike



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

- 04.12 Emil Karlsen
04.12 Annifrid Guillermo Sanden
25.12 Aria Natalie Tomren-Fredrikstad
29.01 Anna Oline Neraas Grüner
29.01 Mia Isabelle Tennøy Male
19.02 Kristoffer Viktor Roald
19.02 Linn Bente Sundet
19.02 Alva Aileen Rypdal Svensli
11.03 Anna Djupvik Engebjerg

Døde:

- 25.11 Ola Arne Kvalsvik
28.11 Ove Kjetil Bjerke
03.12 Åse Helen Almås
12.12 Enit Torny Burmann
12.12 Åsta Taklo
18.12 Jenny Mehl
19.12 Bjørg Uri (gravl. Valldal)

22.12 Mary Lilleheim

- 12.01 Arild Lippert
02.02 Hans Erling Langstein
06.02 Ellen Oddlaug Alise Tomren
11.02 Per Sandøy
15.02 Gudmund Kåre Furland
07.03 Hildegunn Salthammer

Fiksdal kyrkje

Døypte:

- 15.01 Katelyn Nues Njerknes
15.01 Nikoline Aakernes Gjerde
12.02 Jon Markus Sveia Sanden

Døde:

- 20.12 Johanne Karoline Oliverson
16.01 Karsten Anders Rekdal
26.01 Gunnar Myrseth

Tresfjord kyrkje

Døypte:

- 26.12 Ivar Hals Hellevik
26.12 Jørgen Skogvoll
26.12 Ronja Olsen Vilnes
22.01 Maria Lund Salthammer
22.01 Adrian Sætre
04.03 Ludvik Bruaset
04.03 Elise Lindset
18.03 Emma Sofie Sponberg Dale

Døde:

- 27.12 Per Rypdal
16.01 Rønnaug Festøy
28.01 Gunnvor Marie Sætre
22.02 Magni Bjermeland

Vike kyrkje

Døde:

- 06.01 Else Marie Leikarnes

Gudstenester i Vestnes

01. april Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl 11.00
Storfamiliegudsteneste.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Vike kyrkje kl 18.00

Familiegudst. Utd. av CD til 1.kl.
Takkoffer til Trusopplæringa.

05. april Skjærtorsdag

Tomresetra, Varmestua kl 12:00
Forenkla høgmesse.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Tresfjord Trygdeheim kl 16.00

Nattverdgudsteneste.

Vestnes kyrkje kl 18.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Evangeliesenteret.

06. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl 11.00
Sunnmøre Kristelege mannskor.

Vestnes sjukeheim kl 16.00

Nattverdgudsteneste.

Vike kyrkje kl 11.00

Langfredagsgudsteneste.

08. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til D. N. Israelsmisjon.

Vestnes kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Diakoniarbeidet.

09. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til N. kirke i utlandet.

15. april 2. s. i påsketiden

Fiksdal kyrkje kl 11.00
Ekumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjonsforbundet.

17. april Tysdag

Fiksdal kyrkje kl 19.00
Samtalegudsteneste.

18. april Onsdag

Vestnes kyrkje kl 19.00
Samtalegudst. for Tomrefjordkonf.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

22. april 3. s.i påsketida

Vestnes kyrkje kl 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Kristenrussen.

29. april 4. s.i påsketida

Vestnes kyrkje kl 11.00
Konfirmasjon Tomrefjord gr. 1.
Takkoffer til Trusopplæringa.

02. mai Onsdag

Tresfjord kyrkje kl 19.00
Samtalegudsteneste.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

06. mai 5. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Eige arbeid.

Vestnes kyrkje kl 11.00
Konfirmasjon, Tomrefjord gr. 2.
Takkoffer til Trusopplæringa.

09. mai Onsdag

Vestnes kyrkje kl 19.00
Samtalegudst. Hellandkonf.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

framhald side 16

framhald fra side 15 Gudstenester i Vestnes

13. mai 6.s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl 11.00

Konfirmasjon Hellandkonf. gr. 1.

Takkoffer til Trusopplæringa.

17. mai Grunnlovsdagen

Fiksdal kyrkje kl 10.00

Forenkla høgmesse. Takkoffer til

N. Kr. Student- og Skoleungdomslag.

Tresfjord kyrkje kl 12.00

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Søndagsskulen

Romsdal krets.

Vestnes kyrkje kl 12.00

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Redd Barna.

Vike kyrkje kl 10.00

Forenkla høgmesse. Flaggborg med konfirmantar. Takkoffer til K.N.

20. mai s. f. pinse

Vestnes kyrkje kl 11.00

Konfirmasjon Hellandkonf. gr. 2.

Takkoffer til Trusopplæringa.

27. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

Vike kyrkje kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

28. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl 18.00

Pinsesong m/ Lokale musikkrefter.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

03. juni Treeinigssøndag

Fiksdal kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Normisjon.

10. juni 2. s. i treeinigstida

Tomresetra kl 12.00

Skaparverkets dag.

Takkoffer KFUK/KFUM.

17. juni 3. s. i treeinigstida

Stall Kjersem kl 16.00

Skaparverkets dag.

Takkoffer til Amathea.

24. juni 4. s. i treeinigstida

Korstøneset, Vike kl 12.00

Korstønesmesse.

01. juli 5 s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Kvite band.

08. juli Aposteldagen

Fiksdal kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

15. juli 7. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

22. juli 8. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Wycliffe.

29. juli 9. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl 18.00

Olsokgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjestova.

05. august 10. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00

Høgmesse m/ nattverd. Takkoffer.

Vike kyrkje kl 18.00

Kveldssong med nattverd.

Takkoffer til Misjonsselskapet.

12. august 11. s. i treeinigstida

Øygardsbukta kl 12.00

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Eige arbeid.

19. august 12. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl 11.00

Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeid i soknet.

Vestnes kyrkje kl 18.00

Konfirmantpresentasjon Tomrefjord.

26. august 13. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00

Konfirmantpresentasjon, Helland.

02. sept. 14. s. i treeinigstid

Fiksdal kyrkje kl 11.00

Konfirmantpresentasjon.

Konfirmantjubileum. Takkoffer.

09. sept. 15. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 16.00

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

16. sept. 16. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl 11.00

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Topp Safari.

23. sept. 17. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl 11.00

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer.

Myra kulturhus kl 11.00

Storfamiliegudsteneste. Takkoffer.

30. sept. 18. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl 11.00

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna.

Takkoffer.